Arkivkode:
Saksnr.: 2026/4100-1
Sakshands.: Jan Myrekrok
Dato: 30.10.2026

VINJE

Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Kommunestyret		

Telemark fylkeskommune - fylkesdirektørens forslag til handlings- og økonomiplan 2027-2030

Vedlegg

Dokument i saka

Handlings- og økonomiplan 2027-2030 Fylkesdirektørens forslag

Bakgrunn

Fylkesdirektøren har presentert forslaget til handlings- og økonomiplan for planperioden 2027-2030.

Denne saka dannar grunnlag for at politisk nivå kan gje uttrykk for synspunkt på ulike einkeltheiter ved fylkesdirektørens forslag.

Vurdering

Budsjettforslaget legg opp til at fylkeskommunen framleis skal ha 11 undervisningsstader, men opplæringstilbodet skulane imellom legg ein opp til å endre. For Vest-Telemark vidaregåande skule er det foreslått kutt i linene for studiespesialisering, påbygg og kombiklasse. Det vil innebære at ingen elevar kunne få generell studiekompetanse i regi av fylkeskommunen i vår del av Telemark. Ein treng generell studiekompetanse til høgare utdanningar som: sjukepleiar, lærar, vernepleiar, fysioterapeut, barnehagelærar, ingeniør og mange andre yrker.

I tillegg blir det foreslått å legge ned påbygg til generell studiekompetanse, som er eittårig tilbod. Linja for påbygg er gjerne for elevar som har gått på helse/oppvekstfag, elektro eller teknologi/industrifag i to år og ynskjer generell studiekompetanse. Det blir og foreslått å legge ned kombinasjonsklasse. Denne klassa gjev tilbod til flyktningar for å kvalifisere seg for studiar på vidaregåande skule.

Dette er svært dramatisk og uheldig for elevane som kjem frå Vinje kommune og heile Vest-Telemark som region. Næraste tilbod for desse linene blir Bø, dersom dette blir det endelege vedtaket i fylkestinget.

Det er høg gjennomføringsgrad ved vidaregåande på Dalen, noko som underbyggjer at dette er ein solid utdanningsinstitusjon med dyktige tilsette. Her vil ein miste mykje dersom 15-16 åringar blir tvungne til å flytte på hybel. Det er kort sagt urimeleg at utkantane skal betale ein så høg pris for at fylkeskommunen skal ha økonomisk balanse. Utkantkommunar treng ein fylkeskommune som gir drahjelp til å bygge robuste, levedyktige lokalsamfunn med tilbod som gir ungdomen tru på ei framtid i oppvekstkommunen etter endt utdanning.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommunestyre krev at studiespesialiserande utdanningsprogram ved Vest-Telemark vidaregåande skule held fram.